



## Veke 47, 23. november 2022

President **Anne Wiik Stamsø** opna møtet med det tankevekkjande diktet «Av og til er det vanskeleg», som dikteren Helge Torvund (f. 1951) frå Hå på Jæren publiserte i samlinga *Taxxameter og puls* (1979) – sjå ramma til høgre. Ho hadde eigentleg tenkt å lese eit grukk av Piet Hein, men hadde ikkje funne eit som høvde.

Vi var 21 medlemmer til stades, og ingen gjester. Presidenten informerte om at det ikkje blir møte onsdag 7.12. Samankomsten fredag 9.12. er avlyst på grunn av for låg oppslutning.

Det var fleire Tigris-innlegg:

**Kari Killi** fortalde oss at ho no har flytta til Skien.

**Rolf T.** hadde eit *à propos* til Torvund-diktet. I sommar hadde han besøk av den irske dikteren Micheal O'Siadhail (<http://osiadhail.com>), ein studiekamerat frå 60-talet. Micheal har fått Torvund til å setje om ein del av dikta sine til norsk. Torvund opplyser at boka kjem frå trykkeriet no i veke 47. Rolf fortalde vidare at han 17.11. heldt eit foredrag i Nittedal Rotaryklubb med tittelen «Metaforar og metafor-teori». Dessutan har han også sjølv nettopp gitt ut ei ny bok, *Hadelandsdialekta. Etter arkive bass Bjørn Liaklev*, som kom frå trykkeriet i førre veke. Han avslutta med å fortelje at han på julemøtet til Bamble historielag 9.12. skal kåsere over «ord og uttrykk i jula».

**Inge Kaggerud** kommenterte presidentens manglande dikt av Piet Hein med å deklamere grukket til høgre.

Resten av møtet gjekk med til **komitearbeid** – som på bileta nedanfor.

Langesund, 24. november 2022, *Rolf Theil*.

### Av og til er det vanskeleg

Av og til er det vanskeleg  
Å seia det  
Som bør seiast  
For at det  
Ikkje skal verta vanskelegare  
Seinare

Men det må til



Den som taber sin ene handske  
er heldig i forhold til den,  
som taber den ene, kasserer den andre  
og finder den første igen.

Piet Hein

